

## BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

### MØTEINNKALLING

**Dato:** onsdag 6. september 2023  
**Tid:** kl. 18.00  
**Sted:** Bokn Arena

**Forfall meldes til:** Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf. 959 86 979 eller  
e-post: [post@kontrollutvalgene.no](mailto:post@kontrollutvalgene.no)

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside [www.bokn.kommune](http://www.bokn.kommune) og på [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)

---

**Kommunedirektøren er invitert**  
**Haugaland brann og redning IKS er invitert i sak 11**

---

#### Saksliste:

- 10/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 03.05.23**
- 11/23 Haugaland brann og redning IKS - orientering om selskapet**
- 12/23 Oppfølging av revisjonsrapport – «Bokn arena»**
- 13/23 Tilbakemelding om forenkla etterlevingskontroll 2022**
- 14/23 Budsjettframlegg 2024 - kontrollarbeidet i kommunen**
- 15/23 Evaluering av utvalet sitt arbeid for perioden 2019 - 2023**
- 16/23 Referat- og orienteringssaker 06.09.23**

#### Eventuelt

Aksdal, 28.08.23

Anne Løvereide Faye  
Utvallsleiar

Odd Gunnar Høie  
Utvallssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)  
Revisor (møte- og talerett)  
Kommunedirektør (er invitert)  
Varamedlemmer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	06.09.23	10/23
<b>Saksansvarleg</b>		<b>Arkivkode</b>
Odd Gunnar Høie		033

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 03.05.23

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 03.05.23 blir godkjent slik han ligg føre.

**Vedlegg:** Protokoll frå møtet 03.05.23

### Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontroll- og kvalitetsutvalet sitt møte 03.05.23 følgjer vedlagt. Protokollen er lese igjennom og godkjent av leiar i etterkant av møtet og den er sendt kommunen slik han ligg føre. Det har ikkje kome merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 28.08.23

Odd Gunnar Høie  
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

## BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

### PROTOKOLL

Onsdag **3. mai 2023** blei det halde møte i Bokn kontroll- og kvalitetsutval under leing av utvalsleiar Anne Løvereide Faye.

<b>MØTESTAD:</b>	Bokn Arena, møterom Boknahåve
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 18.00 – kl. 19.20
<b>MØTANDE MEDLEMER:</b>	Anne Løvereide Faye (uavh.), Kim Erik Larsen (H), Catharina Øvrebø (Sp), Hans Jørgen Ognøy (KrF) og Daghild G. Alvestad (Sp) Krf)
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS:</b>	Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen
<b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>	Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad Kommunalsjef økonomi og administrasjon Lillian Grønnestad
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ordførar Osmund Våga (Sp)
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Hans Jørgen Ognøy meldte en sak til Ymse

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 05/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 22.02.23

##### Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 22.02.23 blir godkjent slik han ligg føre.

##### Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 03.05.23:

Utvalet hadde ingen merknader.

##### Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 03.05.23:

*Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 22.02.23 blir godkjent slik han ligg føre.*

### **SAK 06/23 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – OPPVEKST**

#### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunedirektøren sin gjennomgang om oppvekst med fokus på oppfølgingsordninga til orientering.

#### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 03.05.23:**

Rektor Wenche Havikbotn orienterte om oppfølgingsordninga. Utvalet fekk også hausten 2022 ein orientering om dette emnet. Orienteringa var difor ein vidare oppfølging av dei same emna.

Skulen hadde hausten 2020 starta eit samarbeid med læringsmiljøsenderet for arbeid med tiltak opp mot læringsmiljø og skulemiljø. Dette arbeidet blei vidareført med ulike fokusområder. Samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet (HVL) blei også vidareført.

Ho gjorde greie for dei ulike fokusområda som til dømes lesing i alle fag, relasjonsbygging, forankring i lokalmiljøet, samarbeid med barnehage og elevundersøkingar.

Utvalet hadde spørsmål om mellom anna samarbeidet med barnehage, klasseleiing, rekruttere-behalde og tilrettelegging for samarbeid.

Leiar takka for ein interessant og informativ orientering.

#### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 03.05.23**

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunedirektøren sin gjennomgang om oppvekst med fokus på oppfølgingsordninga til orientering.*

### **SAK 07/23 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2022 – BOKN KOMMUNE**

#### **Sekretariatet sitt forslag til vedtak:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek vedlagte uttale til Bokn kommune sitt årsrekneskap 2022 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegga).

Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at Bokn kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022.

#### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 03.05.23:**

Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad og kommunalsjef økonomi og administrasjon Lillian Grønnestad viste ein presentasjon og gjorde greie for dei økonomiske hovudtala i rekneskapen for 2022.

Hausten 2022 hadde dei vore særskild bekymra for den økonomiske situasjonen. Det viste seg å vera ugrunna, då kommunen fekk alle Koronautgiftene refundert, høgare tilskot frå havbruksfondet og høgare overføringar frå staten enn budsjettet.

Møte nr. 2/23

Det økonomiske resultatet enda på 10,5 mill. kr. eller 8,1 %, som er høgt over tilrådd nivå på 1,75 %.

Revisor gjorde greie for innhaldet i åroppgjørsnotatet og tilrådingane dei hadde til kommunen. Revisjonsberetninga var utan merknader.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna klatrepark, nedbetaling av lån og betaling av den nye skulen.

Utvalet slutta seg til framlegget til uttale og leiar takka for ei god orientering.

### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 03.05.23 og innstilling:**

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttalen til Bokn kommune sitt årsrekneskap 2022 slik den ligg føre.*

*Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at Bokn kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022.*

### **SAK 08/23 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR REKNESKAPSÅRET 2022 – REVISOR SI ATTESTASJON OM ØKONOMIFORVALTNINGA**

#### **Sekretariatet sitt forslag til vedtak:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2022 til orientering.

Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknader innan 25.08.23.

#### **Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 03.05.23:**

Revisor Tore Kristensen orienterte om kontrollen, som i 2022 hadde vore av reiserekningar og kostnader til gåver, bevertning og representasjon. Kontrollen hadde avdekka fleire manglar. Revisor sin konklusjon var difor negativ.

Utvalet stetta framlegget om å få ei tilbakemelding frå kommunedirektøren i septembermøtet, om korleis administrasjonen har følgd opp revisor sine merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 03.05.23**

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2022 til orientering.*

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknader innan 25.08.23.*

**SAK 09/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 03.05.23**

9. Statusrapport pr. mai 2023
10. Oppdatert mandat for prosjektet «Bokn skule - arbeidsmiljø»
11. Representantskapsmøte 21.04.23 – Haugaland Vekst IKS
12. Representantskapsmøte 26.04.23 – IKA Rogaland IKS
13. Representantskapsmøte 28.04.23 – Haugaland brann og redning IKS
14. Protokoll frå representantskapsmøte 24.04.23– Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
15. «30 år med kontrollutvalg – og fortsatt ikkje for pysen» - Kommunal Rapport 20.03.23

**Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 03.05.23:**

Sekretæren gjorde greie for referatsakene.

Utvalet blei samd om å invitera Haugaland Brann og redning IKS til å orientera om selskapet i septembermøtet.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

**Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 03.05.23**

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 9 – 15 til orientering.*

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval ønskjer å invitera Haugaland Brann og redning IKS til å orientera om selskapet i møtet 06.09.23.*

**YMSE****Revisjonsprosjektet om «Bokn skule – arbeidsmiljø»**

Hans Jørgen Ognøy spurte om den økonomiske ramma for prosjektet var tilstrekkeleg eller om utvalet burde søke kommunestyret om å auka budsjettet.

Revisor meinte den økonomiske ramma var tilstrekkeleg slik det var utforma i det oppdaterte prosjektmandatet.

Neste møte: onsdag 6. september 18.00

Saker: orientering frå Haugaland Brann og redning IKS; budsjett for 2024, evaluering av valperioden 2019 – 2023.

Bokn, 3. mai 2023

Anne Løvereide Faye  
Utvalsleiar

Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	06.09.23	11/23
Saksansvarleg	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	216	

## HAUGALAND BRANN OG REDNING IKS - ORIENTERING OM SELSKAPET

### Sekretariatets framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tek gjennomgangen frå brannsjef Dag Botnen om Haugaland Brann og Redning IKS til orientering.

### Saksorientering

Kontroll- og kvalitetsutvalet vedtok i møtet 24.11.21, sak 41/21 å invitere administrasjonen eller selskap til å komme å orientere etter en vedtatt plan. Planen har seinare blitt oppdatert og i møtet 03.05.23 sak 09/23 gjorde utvalet følgjande vedtak:

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval ønskjer å invitera Haugaland Brann og redning IKS til å orientera om selskapet i møtet 06.09.23.*

Orienteringane er tenkt å gjere utvalet betre kjent med drifta og dei utfordringar kommunen eller det aktuelle selskap har. Sekretariatet har vært i kontakt med brannsjef Botnen og han har bekrefta at han eller andre frå selskapet vil delta i møtet for å orientera.

Det er satt ei tidsramme på 30-40 minutt inkludert spørsmål. Utvalet kan komme med innspel på emne og spørsmål i forkant av møtet, men helst så tidlig som mogleg, slik at den inviterte kan forberede seg på dette.

På selskapet si nettside [www.brreg.no](http://www.brreg.no) ligg føre følgjande opplysningar om selskapet:

Org. nr	819 585 822
Firmanavn:	Haugaland Brann og Redning Iks
Selskapsform:	IKS
Stifta:	03.04.17
Bransje/formål:	Selskapets formål er å dekke alle kommunenes plikter, oppgaver og behov i henhold til brann- og eksplosjonsvernlovens krav til kommunene, herunder: ulykke- og katastrofesituasjoner som brann, redning, drukning og akutt forurensing, nødalarmtjenester 110, feiing og tilsyn med fyringsanlegg, arbeide med forebyggende tiltak mot brann og ulykker, søke å selge tjenester knyttet til forebyggende og beredskapsrelaterte tjenester, inngå samarbeidsavtaler med kommuner, andre selskaper og

virksomheter. Selskapet kan påta seg andre arbeidsoppgaver eierne og selskapet måtte bli enige om.

Aksjekapital: 5.000.000

Adm. dir. Dag Botnen

Styreleiar: Elling Hetland

Styremedlemmer: Torleif Østrem-Olsen, Arvid Ståle Vallestad, Harald Hop, Kristin Helle, Laila Steine, Ole-Martin Nordstrand og Rune Håheim.

På selskapets nettsted: [www.hbre.no](http://www.hbre.no) går det fram at eigarkommunane er:

Bokn kommune

Karmøy kommune

Sveio kommune

Tysvær kommune

Utsira kommune

Vindafjord kommune

Aksdal, 28.08.23

Odd Gunnar Høie

*Dagleg leiar/utvalssekretær*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	06.09.23	12/23
Kommunestyret		
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	216	

## OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORTEN – «BOKN ARENA»

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Bokn Arena» til orientering.

**Vedlegg: tilbakemelding frå kommunedirektøren, dagsett 28.08.23**

### Bakgrunn

Bokn kommunestyret vedtok samrøystes i møtet 13.12.22, sak 55/22 følgjande:

1. *Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapport om «Bokn Arena» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Føremålet med prosjektet var å undersøkje kva Bokn kommune kan gjere for å sikra openheit, og ei klårare ansvars- og oppgåvefordeling, blant brukarane av Bokn Arena.

Revisjonen kom med følgjande tilrådingar:

- *Sørge for å få dokumentert bruken av Bokn Arena på ein måte som tilfredsstillar gjeldande krav i lov og forskrift.*
- *Sørge for at dei tiltak som no er satt i verk blir følgt opp.*
- *Gå i dialog med lag og stiftelsar om korleis openheit om økonomien kan sikrast.*

**Oppfølging/tilbakemelding**

Kommunedirektøren har i brev dagsett 28.08.23 gjeve tilbakemelding på status for oppfølging av rapporten og korleis tilrådingane har blitt følgt opp.

**Sekretariatet sine kommentarar**

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav E og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan og rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.


Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner at tilbakemeldinga frå kommunedirektøren syner at administrasjonen har følgt opp tilrådingane på ei god måte. Dei har fått på plass rutinar og verktøy som gir betre oversikt over bruken av hallen.

Aksdal, 28.08.23

Odd Gunnar Høie

*Dagleg leiar/utvalssekretær*



Bokn kontroll - og kvalitetsutval

Dato: 28.08.2023

Dokumentnummer: 21/675-8

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Ingeborg Skjølingstad

## Oppfølging av forvaltningsrevisjon Bokn Arena

Rogaland revisjon har undersøkt følgande 4 problemstillingar knytt til Bokn Arena:

1. Kva tiltak som bør settast i verk for å tydeleggjere ansvars – og oppgåvefordelinga.
2. Korleis har inntekter og utgifter i fleirbrukshallen utvikla seg.
3. Korleis kan kommunen sikre openheit om økonomien og bruken av fleirbrukshallen.
4. Korleis er bruken organisert, og korleis dette påverkar kommunen sin rett til momskompensasjon /frådrag inngående moms.

Dei har følgande tilrådingar til kommunen:

- Sørge for å få dokumentert bruken av Bokn Arena på en måte som tilfredsstillar gjeldande krav i lov og forskrift.
- Sørge for at dei tiltak som no er satt i verk blir følgt opp.
- Gå i dialog med lag og stiftelsar om korleis openheit om økonomien kan sikrast.

Kommunen har innført årlege samarbeidsmøte med frivillige lag og organisasjonar i kommunen som bruker hallen. I form av innføring av vilkår for leie og søknad om faste tider på lokalar i hallen ein gong pr år, får kommunen inngått avtalar med frivillige lag og organisasjonar om deira oppgåver og ansvar ved bruk av hallen. Bookingsystemet gir kommunen grunnlag for å fastsetje forholdet mellom bruk av Bokn Arena som er innanfor og bruk som er utanfor kompensasjonsordninga. Me bruker dette nye grunnlaget til å berekna den forholdsmessige delen ved delt bruk, i nært samarbeid med revisjonen.

Med helsing

Ingeborg Skjølingstad  
Kommunedirektør

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	06.09.23	13/23
Saksansvarleg	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	212	

## OPPFØLGING AV FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMIFORVALTNINGA FOR 2022

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunedirektøren si tilbakemelding til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2022 til orientering.

**Vedlegg:** e-post frå økonomisjef Grønnestad 28.08.23

### Bakgrunn

Bokn kontroll- og kvalitetsutvalet vedtok samrøystes i møtet 03.05.23, sak 08/23 følgjande:

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2022 til orientering.*

*Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknader innan 25.08.23.*

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav B skal kontrollutvalet mellom anna sjå etter at «... at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak».

Vidare står det i kommuneloven § 24-9 om kontroll med økonomiforvaltninga følgjande:

*«Regnskapsrevisor se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.*

*Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.*

*Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen».*

**Uttalen for 2022**

Rogaland Revisjon IKS gav si uttale, dagsett 17.04.23, for Bokn kommune om perioden 01.01. - 31.12.22. Revisor konkluderte med:

Negativ konklusjon:

*Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis, og på grunn av forhold som er omtalt i avsnitt «Grunnlag for negativ konklusjon», avgis det erklæring med negativ konklusjon.*

*Grunnlag for negativ konklusjon**Resultat av våre kontroller:*

*Gaver, bevertning og representasjon iht. krav stilt i bokføringsforskriften § 5-10: Det er kontrollert 30 transaksjoner.*

- *29 bilag mangler formål/ anledning eller hvem utgiften gjelder eller begge deler.*

*Reiseregninger iht. krav stilt i bokføringsforskriften § 5-9 og Skattebetalingsforskriften §§ 5-6-11, 1. ledd og 5-6-12, 8. og 9 ledd.:*

*Det er kontrollert 20 reiseregninger*

- *6 reiseregninger er ikke tilstrekkelig spesifisert i forhold til formål, arrangement, fremstilling av reiserute eller manglende dokumentasjon*

*Det er da totalt et avvik på 58 % av gaver, bevertning, representasjon og reiseregninger.*

**Kommunedirektøren sin tilbakemelding**

Sekretariatet fekk 28.08.23 ein e-post frå økonomisjef Grønnestad der ho kort gjer greie for korleis administrasjonen har følgd opp revisor sine tilrådingar/merknadar. Administrasjonen har sendt ei påminning om krava i loven ut i organisasjonen. Sjå vedlegg.

Ho skriv vidare at: «når det gjeld reiserekningar, vil det i løpet av hausten bli innført elektronisk system for handtering av reiser og utlegg».

**Sekretariatet sine kommentarar**

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav B og forskrift for kontroll og revisjon § 3, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar blir retta eller følgd opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Dersom påpeikingane ikkje blir retta eller følgd opp, skal kontrollutvalet rapportere dette til kommunestyret.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er Kommunedirektøren sitt ansvar. Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner administrasjonen viser at de har følgd opp anbefalingane på ein grei måte. Utvalet må sjølv ta stilling til om det er ønskelig med vidare oppfølging.

Aksdal, 28.08.23

Odd Gunnar Høie

Dagleg leiar/utvalssekretær

Hei

Me mottok i august uttrekket som revisor gjorde i forbindelse med FEK i 2022.

Uttrekket viser at me i forbindelse med møter i ungdomsråd, formannskap, kommunestyre mv ikkje har ført på namn på deltakarar når faktura på mat/drikke er blitt kontert og anvist til rekneskapen. Det er også nokre tilfeller av at ein har kjøpt gåver der ein ikkje har ført på mottakar eller anledning, f.eks gåver ansatte, blomar ved sjukdom, eksamensmiddag, julebord mv

Ei påminning på desse krava er difor 22.08 sendt ut i organisasjonen, sjå vedlegg.

Når det gjeld reiserekningar, vil det i løpet av hausten bli innført elektronisk system for handtering av reiser og utlegg.

### **Vennleg helsing**

#### **Lillian Grønnestad**

Kommunalsjef økonomi og administrasjon | Bokn kommune

Tlf: 906 72 722 | E-post: [lillian.gronnestad@bokn.kommune.no](mailto:lillian.gronnestad@bokn.kommune.no)

Bokn kommune | Boknatunvegen 37 | 5561 Bokn |

**[Sjå den nye brosjyren vår!](#)**

## **Rutiner ved kontering av bevertning/møter, reiserekningar og gåver**

Anledning og mottakar skal oppførast ved kjøp av gåver/representasjon. Hugs å sjekke grenser for skatteplikt ved gåver.

Anledning og deltakar(ar) skal oppførast ved kjøp til bevertning/møter.

Ved kontering av faktura/kvittering må ein leggje dette inn som tekst i notatfelt. Attesterar og anvisar skal sende faktura tilbake til konterar dersom dette ikkje er påført.

Hugs også at på reiserekningar skal reiserute med spesifisert adresse vera påført. Anledning/formål, dato/klokkeslett, namn, adresse, fødselsnummer skal førast på. Kursinvtasjon samt alle billetter og andre utgifter skal legitimerast ved originalbilag.

Lillian, 22.08.2023

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	06.09.23	14/23
<b>Saksansvarleg</b>		<b>Arkivkode</b>
Odd Gunnar Høie		151

## BUDSJETTFRAMLEGG 2024 - KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

### Sekretariatets framlegg til vedtak og innstilling:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Bokn kommune for budsjettåret 2024 med ein totalramme på **kr 742 000 eks. mva** fordelt følgjande:

Kontroll- og kvalitetsutvalet sine utgifter	kr	89 400
Sekretariatstenester	kr	140 000
Revisjonstenester	kr	512 600

- Vedlegg:**
1. Budsjettframlegg 2024
  2. Perioderapportering 31.07.23 frå RR

### Saksorientering

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sine rekneskap blir revidert og at det blir utført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal utarbeide framlegg til budsjett for kontrollarbeidet. Dette inkluderer budsjett for kjøp av revisjonstenester, sekretariatstenester og utgifter til utvalet. Denne saka blir lagt fram som kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for kommunen sitt kontrollarbeid for 2024.

I følgje kommunelova har kontrollutvalet eit vidt arbeidsfelt og er berre underordna kommunestyret. Kontrollutvalet sitt tilsyn er ikkje avgrensa til berre å gjelde det økonomiske. Kontroll- og kvalitetsutvalet skal også sjå etter at saksførebuing og vedtaksprosessar, både i administrasjonen og i dei andre politiske organa fungerer på ein måte som garanterer oppfylging av alle faglege krav, og varetar grunnleggande rettstryggleiksomsyn overfor kommunen sine innbyggjarar og andre som måtte bli ramma av kommunale vedtak.

Budsjettframlegg frå kontrollutvalet kan berre bli endra av kommunestyret. Grunnen til at kontrollutvalet sitt budsjett er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontroll- og kvalitetsutvalet skal kontrollere får innverknad på kontrollorganet si budsjettamme.

Når det gjeld betaling for tenester som vert kjøpt av selskap/samarbeid, vert budsjettet her fastsett av representantskapet og av styret, og kan berre bli endra av desse. Det gjeld i denne saka dei overslag som er sendt over frå Rogaland Revisjon IKS og frå HKS IKS.

### **1. Kontroll- og kvalitetsutvalets utgifter**

Utvalets egne utgifter er vidareført som tidlegare år. Kontrollutvalet fastsetter ikkje sjølv møtegodtgjørsle. Godtgjørsle er auka av kommunestyret for neste valperiode. Dette er innarbeida i budsjettframlegget. Budsjettet føreset ein aktivitet i utvalet som tidlegare år med 4 møter i året.

Kontrollutvalet har opne møter, som blir haldne på ettermiddag. Det er lagt inn midlar til deltaking på kurs/opplæring for det nye utvalet og medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn. Sekretariatet sitt framlegg er på kr 89 400.

### **2. Sekretariatskostnader**

Bokn kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Haugaland Kontrollutvalgssekretariat (HKS) IKS og kjøper sekretariatstenestene til kontrollutvalet herfrå.

Representantskapet vedtok i møtet 24.04.23 budsjettet for 2024 og eigartilskott frå deltakarkommunane. Budsjettet er utarbeida på bakgrunn av selskapsavtalen, der det blir betalt ein årlig fast grunnsom og etter timeforbruk, basert på eigardel.

Kostnadene for Bokn kommune neste år er satt til kr 140 000, som er ei auke på 5 %. Sekretariatet drives etter sjølvkostprinsippet. Ved overskot har midlane blitt overført til fond.

### **3. Revisjonskostnader**

Bokn kommune er medeier i det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS, og kjøper derfor sine revisjonstenester frå dette selskapet. Sekretariatet har mottatt forslag til budsjett frå selskapet basert på vedtak i representantskapet.

Regnskapsrevisjonen utføres innanfor fastsatt lovbestemte krav. Forvaltningsrevisjon og andre kontroller har tidlegare år vært budsjettert med inntil 440 timer.

Rogaland Revisjon har for 2024 ført opp totalt 440 timer. I dette er det lagt inn 220 timer til regnskapsrevisjon, 60 timer til attestasjon, oppmøte i utvalet med 20 timer og forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll med 140 timer. Timeprisen er for 2024 sett til kr 1 165.

### **Kontroll- og kvalitetsutvalets samla budsjettframlegg**

Samla budsjettframlegg for 2024 er satt opp i eige vedlegg. Forslaget er på totalt **kr 742 000**.

Dersom det vert gjort framlegg om reduksjon i budsjettframlegget, skal det skje av formannskapet i tråd med forskrifta og ikkje av administrasjonen. Dersom kommunestyret vedtar endringar i utvalet sitt budsjettframlegg må dette meldast til kontrollutvalssekretariatet.

Saka vert lagd fram for kontroll- og kvalitetsutvalet med tilråding til kommunestyret for kommande års ramme for kontrollarbeidet i kommunen.

Aksdal, 28.08.23

Odd Gunnar Høie  
*Dagleg leiar/utvalssekretær*

<b>BOKN kommune</b>			
